

LES FOR LIVET!

– Eit digitalt DKS-opplegg
for elevar på 5.–7. trinn.



Klikk på mellomtitlane for lenker. Under finn du også spørsmål til elevane.

Kort om DKS-opplegget:

To framtidsmenneske er fanga i romsonden Littera, og berre litteraturen kan redde dei! For mange tusen år sidan måtte menneska flykte frå jorda på grunn av klimaendringar. No er det mogleg å bu på jorda igjen, men før dei får lov til å vende tilbake, må dei løyse eit livsviktig oppdrag. Då menneska mista heimen sin på jorda, mista dei òg kontakt med kjenslene sine. Dette må dei lære seg på nytt, og kjenslene er å finne i litteraturen.

Hanne Mellingen og Ronnie Mega Herdlevær skulle egentleg ha vore ute på skulane med teaterframsyninga Les for livet. Det er noko av det kjekkaste dei veit. Slik gjekk det ikkje, men dei kjem på besøk til dykk her, gjennom skjermen, og vil gje dykk ein smakebit på framsyninga.

Video: Les for livet!

Les for livet handlar om fleire bøker, og Hanne og Ronnie er veldig glad i bøker. Likar du å lese?

- *Kva likar du å lese? Kan du hugse ei god bok eller forteljing som du likte godt?*
- *Kva skjer med deg når du les? Skjer det noko i fantasien din? Vert du roleg, eller energisk? Ser du for deg bilete?*

Hanne og Ronnie spelar eit utdrag frå forteljinga Grunna av Terje Torkildsen. Jostein og Benjamin er ute på fjorden, men plutseleg vert Jostein trekt ned i djupet.

- *Kva trur du skjedde med Jostein? Dikt opp din eigen slutt på forteljinga.*

Lurar du framleis på kva som skjedde med Jostein? Då kan du [lese heile forteljinga her](#).

- *I forteljinga pressar Jostein Benjamin til å bli med på vågestykket. Korleis trur du Benjamin kjende det, og kvifor let han seg utfordre, trur du?*
- *Kva trur du dei to sa til kvarandre etter at dei var komne i land igjen?*

Skriveoppgåve: Å lage ei spenningsbok i miniformat

Mange spenningsbøker er lange, men det er fullt mogleg å skrive meir kompakte og spennande forteljingar. Denne skriveoppgåva går ut på å lage ei minibok som ein brettar av eit A4-ark. Klikk på lenka for å sjå skriveoppgåve og bretteinstruksar.



Nynorsk kultursentrum



Den kulturelle
skulesekken
Vestland



Kulturtanken
Den kulturelle
skulesekken
Noreg